

Informasjon om SFO-tilbodet i Vik kommune

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. I tillegg skal skulefritidsordninga gje barna omsorg og tilsyn.

Leike- og opphaldsareal, både ute og inne, skal vera eigna og tilpassa den aktiviteten som vert driven. SFO nyttar skulen sine fellesareal ute og inne, og inventar og utstyr på lik linje med skulen.

Opningstidene for SFO på dei ulike skulane

Desse finn du på under opningstider på [heimesida til kommunen](#)

NB!

SFO ved Flatbygdi er ope i feriar – unnateke mellom jul og nyttår, og er stengd i juli månad. SFO ved dei andre skulane er stengd i feriane.

Spesifiser nærare ønske

Barna har med seg frukost og evt. Ettermiddagsmat, mjølk og juice får dei på SFO. Sjå sats for matpengar under gebyr/betalingssatsar på [heimesida til kommunen](#).

Kva kan eg forventa av dei tilsette

- At dei gjev barna omsorg og tryggleik
- At dei gjev barna vaksenkontakt og høve til kontakt med andre barn på tvers av alder og kjønn.
- At arbeidet med barna vert gjennomført på ein fagleg forsvarleg og trygg måte.
- At både barn og føresette blir ivaretekne og møtt på ein hyggeleg måte.
- At dei held teieplikta
- At tilsette i SFO/skule deler nødvendig informasjon til beste for barnet.

Kva kan ein forventa av dei føresette

- At dei tilsette får alle opplysningar som er nødvendige om barna for å kunne gje dei best mogeleg opphaldstid i SFO.
- At barna har tilstrekkeleg med klede med seg, og at dei er kledde etter vêret. I tillegg skal det vera byteklede helst merka i garderoben deira.
- At føresette gir besjed dersom barna ikkje kjem på SFO
- Barn og føresette må gi besjed til ein av dei tilsette når dei går eller vert henta.
- At det vert gitt besjed dersom andre enn føresette skal hente barnet.
- At føresette held påmeldingsfristen når det gjeld feriar og skulefrie dagar.
- At barna vert henta før SFO stenger.

Reglar for deg som nyttar SFO

- Skulefritidsordninga skal seiast opp skriftleg med 1.månads varsel. Bruk elektronisk skjema.
- Ved oppseiing i tidsrommet 1.februar til 1.august er oppseiingsfristen 3 månader.
- Det vert kravd betaling for oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.
- Skulefritidsordninga (SFO) skal gi eit trygt og utviklande fritidstilbod for barna utover skuletid, tilpassa barna (alder og modningsnivå), og foreldra sine behov.
- Barn i 1.-4. klasse og funksjonshemma barn i 1.-7-klasse kan få tilbod om plass i SFO.
- Det skal nyttast elektronisk skjema for søknad om SFO-plass.
Annonse om SFO-plass og søknadsfrist vert kunngjort i lokalavisa og på heimesida til kommunen